



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingrid Torsnes, 5557 23200
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Vår dato
28.02.2014
Dykkar dato
27.01.2014

Vår referanse
2014/1303 522.1
Dykkar referanse
14/36

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Fråsegn til bakkeplanering i Eikanger Øvre i Lindås kommune

Vi viser til brev av 27. januar 2014 der de ber om fråsegn til sak om bakkeplanering på gnr. 212 bnr. 6 i Lindås kommune.

Søknaden

Nordhordland Næringspark ANS søker om etablering av 3 planeringsfelt i samband med uttak av lausmassar og overskot av sprengstein frå etablering av eit næringsområde. Det er opplyst at det berre skal nyttast naturlege massar som jord, stein, sand, grus og leire. I tillegg vil noko sprengstein bli brukt.

Generelt

Massehandteringa burde vore ein del av reguleringsplanen for næringsområdet, slik at alle konsekvensar av tiltaket vart vurdert før vedtak.

Stor delar av areala kring Eikangerpollen er i temakart til kommuneplanen avmerkt som «bevaring naturmiljø».

Naturmangfaldlova

Det er ikkje gjort kartleggingar eller vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12. Det er fleire registreringar i naturbasen som er relevante i saka, som ikkje er vurdert.

Nedstrøms det ønskja planeringsfelt, og ovanfor Eikangerpollen, er det registrert naturtype «strandeng og strandsump» (lokal verdi). I faktaarket til lokaliteten (naturbase id BN00015042), vert det opplyst om ei lita svartorsump innafor strandenga. Svartorsumpar kan skiljast ut til eiga naturtype og er generelt ein trua naturtype. Fylkesmannen i Hordaland har koordineringsansvar for det nasjonale utgreiingsarbeidet med rik sumpskog som utvald naturtype. Det er sannsynleg at denne trua naturtypen vil verta ein utvald naturtype etter naturmangfaldlovas kapittel VI, og soleis få eit endå sterkare juridisk vern.

Eikangerpollen som heilskap er avmerkt som naturtype «brakkvasspoll» og i tillegg er nordre delar av Eikangerpollen registrert som «blautbotnområde i strandsona». Begge typane er registrert som regionalt viktige. Basert på oppdatert informasjon må Eikangerpollen vektast til klar regional verdi som raste – og overvintringsstad for andefuglar. Fleire sjeldne fuglearter vert jamleg observert, og bergand og lappfiskand er nasjonalt raudlista som trua (kategori - VU). Dette utgjer viktigaste kjente overvintringsstaden for bergand i fylket. Av andre

andefuglar er toppand, kvinand, siland og laksand vanlege. Fleire av desse søkjer etter skjel og andre matkjelder på dei grunne områda på botnen av pollen. Dei fiskeetande andefuglar er elles avhengig av klårt vatn for å få tak i fisk.

Tilførsle av finpartiklar frå jord og stein frå massetippen vil kunne sedimentere på botnen av vassdrag og brakkvasspoll, og elles føre til at området sin funksjon som raste- og overvintringsområde for andefuglar vert sterkt redusert pga. blakka vatn. Det er også sannsynleg at ei slik tilførsle av partiklar vil redusere verdien av dei aktuelle naturtypene i nærområdet der det er lite vassirkulasjon. Fylkesmannen sin erfaring med liknande utbyggingar andre stader i fylket, er at det er komplisert og vanskeleg å redusere avrenning av dei finaste partiklane sjølv med omfattande førebyggjande tiltak.

Det er ein lokal sjøaurestamme i området, men den er dårleg kartlagt. Bekken skal kryssast av ein traktorveg, og det er ikkje gjort vurderingar av kva konsekvensar har dette for sjøauren. Kartlegging av naturmangfaldet må inkludere gyteplassar og oppvekstområder for sjøaurestammen i området.

Vassforskrifta

Saka må også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomst og deler desse i fem tilstandsklasser. Miljømåla i vassforskriftas §§ 4 - 6 går ut på at tilstanden i vassførekomst skal beskyttast mot dårlegare kvalitet og forbetrast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand. Dersom utslippet fører til at vassførekomsten endrar tilstandsklasse i negativ retning, vil det føreligge ein redusert kvalitet. Ein skal nå miljømåla, og reduksjon av vasskvalitet er ikkje tillate med mindre vilkåra for å gjere unntak er oppfylt, jf. vassforskrifta § 12.

Forureiningsforskrifta

Søknaden er gjort etter forureiningsforskrifta kapittel 4 anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt. Formålet i § 4-1 i forskrifta er å førebyggje, avgrense eller stanse forureining/erosjon frå planeringsfelt. Søknaden inneheld ingen konkrete forslag om korleis ein har tenkt å sikre at tiltaket ikkje fører til forureining av bekk og brakkvasspoll.

Konklusjon

Søknaden er mangelfull når det gjeld vurdering etter naturmangfaldlova, vassforskrifta og forureiningsforskrifta.

Fylkesmannen rår frå at desse områda blir fylt ut, pga. fare for negativ påverknad av bekk og brakkvasspoll som er sårbar for partikkelforureining og sprengstoffrestar.

Fylkesmannen meiner at tiltaket krev reguleringsplan. Lindås kommune må vurdere om tiltaket krev konsekvensutgreiing. Verknadene for naturmangfaldet og fisk må gå fram av eit eventuelt planframlegg.

Fylkesmannen ber om å bli orientert om vidare handsaming av saka.

Med helsing

Astrid Holte e.f.
senioringeniør

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.